

# Vedtekter for samvirkeforetaket Kjølsdalen Montessoribarnehage SA

*org.nr. 971365889*

Vedteken på årsmøte 12.05.2013

Endra på årsmøte 15.04.2021

## §1. Namn og organisasjon

Namnet til barnehagen er Kjølsdalen Montessoribarnehage (KMB).

Barnehagen er organisert som eit samvirkeforetak (SA).

Årsmøtet er barnehagen sitt øvste organ.

Barnehagen har styre, foreldreråd (FR), samarbeidsutval (SU) og dagleg leiar (styrar).

Barnehagen er lokalisert i Kjølsdalen, Stad kommune.

## §2. Føremål og oppgaver

Føretaket har eit ideelt (altså ikkje-økonomisk) føremål.

Barnehagen vert driven i samsvar med Lov 2005-06-17 nr 64 om barnehagar (barnehageloven) med forskrifter, her under kjem rammeplan for barnehagar, fastsette retningslinjer og kommunale vedtak og planar for den enkelte barnehage.

Kjølsdalen Montessoribarnehage skal drivast i samsvar med montessoripedagogikken, og skal formidle og utvikle eit tilbod av høg pedagogisk standard basert på Maria Montessori sine læringsprinsipp. Montessoripedagogikken byggjer på barna sine ibuande interesser og evne til å tileigne seg kunnskap for å forstå livet. Barnehagen presenterer difor eit spesielt læremateriell, og legg til rette omgjevnadane for sjølvstendig læring.

Barnehagen er livssynsnøytral.

Føremålet til barnehagen er å eige og drive barnehage til det beste for medlemmane og barna deira.

Barnehagen skal fremje dei økonomiske interessene til medlemmane gjennom deltakinga deira i verksemda som kjøparar av barnehagetenester frå Kjølsdalen Montessoribarnehage.

Eventuelt årsoverskot skal godskrivas eigenkapitalen i barnehagen.

Barnehagen gjev tilbod om 3,4 eller 5 dagars veke. Det kan i særlege høve gjevast tilbod om 40% eller 50% plass.

### §3. **Andelsinnskot og medlemskontingent**

For kvar andel skal medlemmane betale NOK 200,- i andelsinnskot. Eit medlem kan ha fleire andelar.

Alle medlemmane har ei stemme på årsmøtet uavhengig av antal andelar.

Det skal førast protokoll over andelane til medlemmane, og det skal skrivast ut adelsbrev.

Det skal ikkje betalast medlemskontingent.

Ved utmelding har medlemmar krav på å få tilbakebetalt andelsinnskot sitt utan renter.

### §4. **Årsmøte**

Årsmøtet er Kjølsdalen Montessoribarnehage sitt øvste organ.

Ordinært årsmøte skal haldast innan utgangen av april månad kvart år.

Styret skal kalle inn til ekstraordinært årsmøte når styret finn det naudsynt, eller når revisor eller minst ti prosent av medlemmane krev det og samstundes gjer det klart kva saker dei ønskjer handsama.

Årsmøtet vert leia av styreleiaren med mindre årsmøtet vel ein annan møteleiar.

### §5. **Valnemnd til val av styre på årsmøtet**

Valnemnda er vald av årsmøtet. Medlemmar av valnemnda blir valde for 2 år.

Valnemnda skal ikkje ha medlemmer frå styret eller dei tilsette i Kjølsdalen Montessoribarnehage SA.

Valnemnda skal finne gilde representantar som stiller til val for styreplass i barnehagen.

Valnemnda består av 2 medlemmer:

Medlem 1: Leiar (går ut av valnemnda etter årsmøteperioden)

Medlem 2: Nestleiar (blir leiar årsmøtet etter)

## §6. Innkalling til årsmøte

Styret kallar inn skriftleg til årsmøte minst 2 veker før møtedato.

Innkallinga skal innehalde dei sakene som årsmøtet skal handsame, samt tid og stad for møtet.

Forslag om vedtektsendringar skal takast med i innkallinga.

Saker eit medlem ynskjer å ta opp på årsmøtet skal meldast skriftleg til styret i så god tid at dei kan takast med i innkallinga. Er innkallinga allereie sendt, skal det sendast ny innkalling dersom den kan kome fram minst ei veke før årsmøtet skal haldast.

## §7. Saker som skal handsamast på årsmøtet

1. Val av referent og to personar til å underskrive protokollen.
2. Føre liste over frammøtte medlemmar, antal med rett til å røyste og kor mange røyster desse har.
3. Gjennomgang av styret si årsmelding.
4. Godkjenning av årsrekneskap.
5. Val av styremedlemmer. Styreleiar vert valt særskilt.
6. Val av nestleiar til valnemnd. (Sjå §5 for valnemnd)
7. Eventuelle forslag til endringar i vedtektene.
8. Eventuelt forslag til oppløysing.
9. Andre saker som er korrekt meldt inn for handsaming.

## §8. Stemmereglar for årsmøtet

Kvart medlem har ein røyst på årsmøtet, med mindre noko anna er avgjort.

Kvart medlem kan møte ved fullmektig på årsmøtet, men ingen kan være fullmektig for meir enn eit medlem.

Fullmektigen må leggje fram skriftleg og datert fullmakt.

Eit vedtak av årsmøtet krev at fleirtalet av dei som deltek i handsaminga av ei sak, har røysta for. Ved like mange røyster for og mot, gjeld det som møteleiaren har stemt for.

Blanke røyster vert sett på som ikkje gitt.

Det vert ikkje stilt krav til kor mange av dei med røysterett som må vere til stade for at årsmøtet skal vere vedtaksgyldig.

## §9. Endring av vedtektene

Vedtak om endring av vedtektene krev 2/3 fleirtal av røystene med mindre samvirkeoven stiller strengare krav.

## §10. Styret

Kjølsdalen Montessoribarnehage SA skal ha eit styre beståande av ein styreleiar og 2 andre medlemmar i tillegg til 2 varamedlemmar. Styremedlemmane skal ikkje vere tilsette i barnehagen. Styremedlemmane skal ikkje sitte i styret til Kjølsdalen Montessoriskule. Berre andelseigarar kan veljast til styret.

Dagleg leiar er fast sekretær for styret, så lengje styret ikkje konstituerer eit styremedlem eller anna gild person til denne oppgåva.

Funksjonstida for styreleiar og dei andre medlemmane er to år.

Varamedlemmar vert valt for eitt år.

Foreldre- og tilsettere representant i SU har møte- tale og forslagsrett i styret, og rett til at meiningane deira blir protokollført.

Styreleiar, styremedlemmar og varamedlemmar kan veljast att.

Styret skal veljast av delegatar som er tilstade på årsmøtet, med mindre valnemnda har fått svar frå kandidatar som er spurde, men ikkje deltek på årsmøtet.

Årsmøtet vel styreleiar ved særskilt val.

Styret vel nestleiar blant medlemmane sine.

Styreleiar og dagleg leiar eller eit samla styre teiknar verksemda. Styret kan tildele prokura.

## §11. Oppgåver til styret

Styret skal leie verksemda i samsvar med lov, vedtekter og vedtaka til årsmøtet.

Styret kan ta alle avgjersler som ikkje i lova eller vedtektene er lagt til andre organ.

Styreleiar skal sørge for at styret held møte så ofte som det trengs.

Eit styremedlem eller dagleg leiar kan krevje at styret vert kalla saman for å ta opp bestemte saker.

Styret skal føre protokoll over styresakene i samsvar med samvirkeova. Protokollen skal underskrivast av dei styremedlemmane som har vore med på styrehandsaminga.

Styret skal sørge for ei forsvarleg organisering av verksemda.

Styret skal fastsetje planar og budsjett for verksemda, og orientere om budsjettet på årsmøtet.

Styret skal halde seg orientert om den økonomiske situasjon til barnehagen, og skal sjå til at det blir ført fullgod kontroll med verksemda, rekneskapen og formueforvaltninga.

Styret vel rekneskapsfører. Styret har ansvaret for at rekneskapen saman med styret si melding vert lagt fram for årsmøtet.

Styret skal setje i verk dei undersøkingane som styret meiner er naudsynte for å kunne utføre oppgåvene sine

Styret skal setje i verk slike undersøkingar dersom ein eller fleire av styremedlemmane krev det.

Styret skal utover dette føre tilsyn med dagleg leiar og verksemda i Kjølsdalen Montessoribarnehage SA.

Styret bør fastsetje instruks for dagleg leiar.

Styret har arbeidsgjevaransvaret i barnehagen.

Styret skal utarbeide ein styreinstruks.

## §12. **Vedtaka til styret**

Styret kan treffe vedtak når meir enn halvparten av alle styremedlemmane er til stade eller er med på sakshandsaminga.

Styret kan likevel ikkje treffe vedtak utan at alle styremedlemmane så langt det er mogleg har fått anledning til å delta i handsaminga av styresaka.

Har nokon styremedlemmar forfall, skal eit varamedlem innkallast.

Eit styrevedtak krev at fleirtalet av dei styremedlemmar som er med på handsaminga av ei sak, har stemt for.

Dei som røyster for eit vedtak som inneber ei endring, må likevel utgjere minst ein tredjedel av alle styremedlemmane.

Ved val og tilsetjingar er den som får flest stemmar valt eller tilsett.

Styret kan på førehand fastsetje at det skal stemmast på nytt om ingen får fleirtal av dei stemmane som er gitt.

Står røystetalet likt ved val av styreleiar eller møteleiar, blir valet avgjort ved loddtrekning.

## §13. **Dagleg leiar (styrar)**

Den daglege leiaren til Kjølsdalen Montessoribarnehage SA vert tilsett av styret.

Dagleg leiar skal stå for den daglege administrative og pedagogiske leiinga av verksemda i barnehagen, og skal følgje dei retningslinjer og pålegg som styret har gitt.

Den daglege leiinga er ikkje omfatta av saker som etter forholda i barnehagen er av uvanleg art eller av stor betydning.

Dagleg leiar kan elles avgjere ei sak etter fullmakt frå styret i kvart enkelt tilfelle, eller når det er til vesentleg ulempe for barnehagen å vente på styrevedtak.

Styret skal ha melding om avgjersla så snart som mogleg.

Dagleg leiar skal sørge for at rekneskapen i barnehagen er i samsvar med lov og forskrifter, og at forvaltninga av formuen er ordna på ein forsvarleg måte.

Dagleg leiar har ansvar for at barnehagen har eit internkontrollsystem som samsvarar med gjeldande lover og forskrifter.

Dagleg leiar skal minst kvar fjerde månad, i møte eller skriftleg, gi styret melding om verksemda i barnehagen, tilstand for barnehagen og resultatutviklinga.

Styret og det enkelte styremedlem kan til ein kvar tid krevje at dagleg leiar gir styret ei nærare utgreiing for særskilte saker.

## §14. **Foreldreråd**

Foreldrerådet består av foreldre/føresette til alle barna i barnehagen, og kvart barn gir ei stemme. Foreldreråd skal haldast minst ein gang i året.

Foreldrerådet vel ein representant til samarbeidsutvalet (SU).

Representanten vert valt for eitt år om gangen.

SU-representanten kallar inn til, og leier møter i foreldrerådet.

Saksliste skal leggjast ved innkallinga.

## §15. Samarbeidsutval

Samarbeidsutvalet består av ein foreldrerepresentant valt av foreldrerådet, og ein representant valt av og blant personalet.

SU er eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ.

SU skal bidra til god kontakt mellom foreldre og leiinga i barnehagen.

SU har møte, tale- og forslagsrett i styret.

SU skal bli førelagt, og har rett til å uttale seg i saker, som omhandlar barnehagen sitt ideelle grunnlag og/eller saker som er viktige for innhaldet og verksemda til barnehagen og forholdet mellom barnehagen og foreldra.

Slike saker er mellom anna:

1. forslag til budsjett
2. driftsendring
3. årsplan for barnehagen
4. det pedagogiske tilbodet generelt
5. bruk av ute- og inneareal.

SU skal vurdere å be om synet til foreldrerådet i saker som kan sjåast på som særleg viktige for foreldra.

Dagleg leiar møter i SU som skrivar.

Dagleg leiar har møte, tale- og forslagsrett i SU.

Berre andelseigarar kan veljast til samarbeidsutvalet.

Ein andelseigar som er tilsett i barnehagen, kan ikkje veljast til foreldrerepresentant i Samarbeidsutvalet.

## §16. Utmelding

Plass i barnehagen kan seiast opp med 30 dagars varsel. Ved søknad og endring av barnehageplass er det som hovudregel 30 dagars varsel. Jamfør kommunale barnehagevedtekter.

Eit medlem pliktar å melde seg ut skriftleg av KMB samstundes som barnehageplassen blir oppsagt, med mindre anna er avtalt med styret.

Utmeldingsfristen er like lang som oppseiingstida på barnehageplassen, men høgst tre månader rekna frå den dagen den skriftlege utmeldinga kom fram til KMB.

Har eit medlem fleire barnehageplassar pliktar medlemmen å melde seg skriftleg ut av KMB samstundes som siste barnehageplass blir oppsagt, med mindre anna er avtalt med styret.

Fristen for utmelding er like lang som oppseiingstida på barnehageplassen, men høgst tre månader rekna frå den dagen den skriftlege utmeldinga kom fram til KMB.



Ved utgangen av utmeldingsfristen har medlemmen krav på å få tilbakebetalt andelsinnskottet.

Medlemmar med fleire barnehageplassar har krav på å få tilbakebetalt eitt andelsinnskott etter utgangen for oppseiingstida for kvar barnehageplass.

## §17. **Opplysing og avvikling**

Opplysing av KMB skal vedtakast av årsmøtet med det same fleirtalet som gjeld for endringar av vedtektene.

Medlemmar i KMB har rett til å få utbetalt andelsinnskotta sine dersom det er midlar i føretaket etter at det har dekt sine forplikingane sine.

Midlar som finst att utover dette, skal gå til samvirkeføremål eller allmennyttige føremål.

## §18. **Forholdet til lov om samvirkeforetak (Samvirkelova)**

Om ikkje anna følgjer av vedtektene, gjelder lov om samvirkeføretak (Samvirkelova) av 29. juni 2007 nr. 81 i punkt 16.

## §19. **Søknad om opptak**

Ved søknad om opptak vert det nytta same elektroniske søknadsskjema som for dei kommunale barnehagane.

Barnehagestyrar, i samråd med servicekontoret i Stad kommune, tek stilling til opptak av barn.

Ved opptak vert det gjort slik prioritering:

- a. Barn med nedsatt funksjonsevne. Det skal føretakast ei fagleg vurdering for å vurdere om barnet har nedsett funksjonsevne.
- b. Barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester §4-12 og §4-4 andre og fjerde ledd.
- c. Barn som har plass i barnehagen og som ynskjer auke av plassen.
- d. Søsken av barn i Kjølisdalen Montessoribarnehage SA eller Kjølisdalen Montessoriskule SA.
- e. Barn som er busett i bygdene frå Lefdal i vest til Lund i aust.
- f. Barn av fast tilsett personale eller i eit fast tidsavgrensa vikariat i Kjølisdalen Montessoribarnehage SA eller Kjølisdalen Montessoriskule SA.

Kjølisdalen Montessoribarnehage gir tilbod om barnehageplass også til barn som fyller 1 år etter 31. august. Barnet må vere fylt 10 månader før plassen kan takast i bruk.

Der barn stiller likt utifrå opptakskriteria, skal eldre barn prioriterast framfor yngre barn utifrå fødselsdato.



# Kjølsdalen Montessoribarnehage SA

---

Kjølsdalen Montessoribarnehage tek i regelen inn nye born til start i barnehagen med startdato mellom 15. august og 15. desember. Dei som er tildelt fast plass, får behalde plassen så lenge dei treng han.

## §20. Anna

**Betaling** for opphald i barnehagen følgjer i hovudsak dei nasjonale satsane, med unntak av om styret har gjort anna vedtak.

Barnehagen har full kost, som foreldra betaler matpengar for etter gjeldande sats, også desse satsane skal i hovudskal følgje dei kommunale satsane.

Ved eventuell endring av satsar skal foreldra ha melding seinast 1 md. før endringa trer i kraft.

Det er 11 månader med foreldrebetaling. Juli måned er betalingsfri.

Barnehagen gir ein søskenmoderasjon på 30 % for 2 barn og 50% for 3 eller fleire barn.

Faktura vert send ut i starten av kvar måned.

Lovpåfesta **nettoareal** for leik og opphald er på 5,3 kvm. Pr barn under 3 år og 4,2 kvm. Pr. barn over 3 år.

KMB har 223 kvm. inneareal og 2062,84 kvm. uteareal.

**Opningstidene** for barnehagen vert vedteke av styret.


Barnehagen er pr. i dag open 5 dagar i veka, frå kl.6.45 til kl. 17.00.

**Feriestenging** i barnehagen vert vedteke av styret.


Barna skal ha 5 veker ferie i løpet av året.

Dei 5 planleggingsdagane i løpet av året med stengt barnehage blir rekna som ei ferieveke, og jule- og påskeveka blir rekna som ei ferieveke.

Barna skal ha minst 3 veker samanhengane feire på sommaren i tidsrommet 1. juni til 14. august. Barna sin sommarferie skal vere fastsatt innan 1. mai.



Lina Lien Bruland, styreleiar



Johnny Myklebust, styremedlem



Stig Arne Bugjerde, styremedlem

